

**Utval:** Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne  
**Møtestad:** Fylkesutvalssalen, Fylkeshuset  
**Dato:** 24.06.2015  
**Tidspunkt:** 09:30-11:00

**Følgjande faste medlemmer møtte:**

Namn	Funksjon	Representerer
Anita Garlid Johannessen	Leiar	FRP
Kjell Søvik	Medlem	FFO
Harald Norheim	Nestleiar	SAFO

**Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:**

Namn	Funksjon	Representerer
Neshe Lie	Medlem	H
Tore Svane	Medlem	FFO
Kjersti Edvardsdal	Medlem	FFO
Jostein Ljones	Medlem	SP

**Følgjande varamedlemmer møtte:**

Namn	Møtte for	Representerer
Inge Fiskvik	Tore Svane	FFO

---

**Merknader**

**Eigedomsseksjonen informerte om planer for innkjøp av hjelpemiddel til menneske med nedsett hørsel på vaksenopplæringa og tannlegevakta, samt ønskje om å få på plass ein rameavtale for slike hjelpemiddel. Det er tenkt å bruke elevar frå Nordahl Grieg til å evaluere tilboda, samt eit medlem frå rådet.**

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Ragnhild Aak Skajaa	Eigedomsseksjonen
Ingeborg Borgen Takle	Organisasjonsavdelinga

**Sakliste**

<b>Utvals- saknr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv- saknr</b>	<b>U.Off.</b>
PS 26/15	Godkjenning av møteinnkalling		
PS 27/15	Godkjenning av sakliste		
PS 28/15	Godkjenning av møtebok forrige møte		
PS 29/15	Referatsak (Meldingar)		
RS 16/15	Oversikt økonomi - per 11062015	2014/558	
RS 17/15	Større saker til politisk behandling våren 2015 - pr juni	2014/1527	
RS 18/15	Oppfølging av skulebruksplanen - førespurnad frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	2014/558	
RS 19/15	Referat frå RMNF-AU 050615	2014/558	
RS 20/15	PS 53/2015 Val av standard på fylkesvegane - uttale frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	2014/558	
RS 21/15	PS 54/2015 Nedlegging av offentleg veg – Rv. 13 utanfor Myrdalstunnelen - rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	2014/558	
RS 22/15	Uttale til kartlegging av ferjeanlegg frå samferdselsavdelinga - rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	2014/558	
RS 23/15	Skulebygg som pedagogisk arkitektur - førespurnad frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	2014/558	
RS 24/15	Sak PS 54/2015 . Rv. 13 utanfor Myrdalstunnelen (SAMU)	2014/558	
RS 25/15	Sak PS 53/2015 Val av standard på fylkesvegane (SAMU)	2014/558	
RS 26/15	Oppfølging av skulebruksplanen - førespurnad frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	2014/558	
RS 27/15	Høyring - Trygt heim-ordninga	2014/38	
PS 30/15	Fylkeskryssande bussar - uttale frå fellesmøtet i Førde	2014/558	
PS 31/15	Pedagogisk arkitektur - uttale	2014/558	
PS 32/15	Ymse		

## **PS 26/15 Godkjenning av møteinnkalling**

**Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 24.06.2015**

### **Vedtak**

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne godkjenner møteinnkallinga.

## **PS 27/15 Godkjenning av sakliste**

**Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 24.06.2015**

### **Vedtak**

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne godkjenner saklista.

## **PS 28/15 Godkjenning av møtebok forrige møte**

**Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 24.06.2015**

### **Vedtak**

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne godkjenner møteprotokollen frå 07.05.2015.

## **PS 29/15 Referatsak (Meldingar)**

**Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 24.06.2015**

### **Vedtak**

*Generelt:* Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne påpeker at på dei breva der det er underskrive med Harald Norheim, leiar, burde det stått Harald Norheim, nestleiar.

*RS 19/15 Referat frå RMNF-AU 050615:* I referatet står det at AU ber om at Kjell Søvik tek på seg jobben med å skrive ei førebels årsmelding som kan overleverast til det «nye» rådet for menneske med nedsett funksjonsevne. AU vedtok at Harald Norheim skal ha ansvar for dette arbeidet, og at han skulle be Kjell Søvik om hjelp til arbeidet.

*RS 26/15 Oppfølging av skulebruksplanen – førespurnad frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne:* Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek å be om å få ein orientering frå opplæringsavdelinga på neste rådsmøte om kvifor enkelte skular ikkje skal ha tilpassa opplæring. Rådet sette pris på den skriftlege orienteringa.

*RS 27/15 Høyring – Trygt heim-ordninga:* Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek å sende ein høyringsuttale der ein understreker at det er eit fint tilbod, og at rådet legg til grunn at tilbodet er tilrettelagt for alle.

**RS 16/15 Oversikt økonomi - per 11062015**

**RS 17/15 Større saker til politisk behandling våren 2015 - pr juni**

**RS 18/15 Oppfølging av skulebruksplanen - førespurnad frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne**

**RS 19/15 Referat frå RMNF-AU 050615**

**RS 20/15 PS 53/2015 Val av standard på fylkesvegane - uttale frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne**

**RS 21/15 PS 54/2015 Nedlegging av offentleg veg – Rv. 13 utanfor Myrdalstunnelen - rådet for menneske med nedsett funksjonsevne**

**RS 22/15 Uttale til kartlegging av ferjeanlegg frå samferdselsavdelinga - rådet for menneske med nedsett funksjonsevne**

**RS 23/15 Skulebygg som pedagogisk arkitektur - førespurnad frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne**

**RS 24/15 Sak PS 54/2015 . Rv. 13 utanfor Myrdalstunnelen (SAMU)**

**RS 25/15 Sak PS 53/2015 Val av standard på fylkesvegane (SAMU)**

**RS 26/15 Oppfølging av skulebruksplanen - førespurnad frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne**

**RS 27/15 Høyring - Trygt heim-ordninga**

## **PS 30/15 Fylkeskryssande bussar - uttale frå fellesmøtet i Førde**

### **Forslag til avgjerd**

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek å sende ei slik uttale til samferdselsavdelinga:

*«Rådet for Likestilling av Funksjonshemma i Møre og Romsdal, Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne i Hordaland samt Fylkesrådet for funksjonshemma i Sogn og Fjordane, har i eit samarbeidsmøte i Førde 20.april 2015 drøfta sak om fylkeskryssande bussruter.*

*Det er svært problematisk for menneske med nedsett funksjonsevne å reise kollektivt gjennom fylka våre. Dette er i strid med intensjonen i Nasjonal Transportplan der eit av hovudmåla er fleire samanhengande reisekjeder med universell utforming.*

*I samband med nye anbods-utlysingar vil vi presisere kor viktig det er at alt materiell skal vere universelt utforma, også reservemateriellet. Sjåfør opplæringa er også ein del av universell utforming. Det er ikkje nok at bussen har heis dersom ikkje sjåføren kan bruke den. For å sikre reell gjennomføring av universell utforming er det viktig med rutinar for etterkontroll og kvalitetssikring.*

*Ved eventuelle bussbyter er det vesentleg at korresponderande bussar er utstyrte på same måten og at bagasjen vert handsama slik at dei som treng det får hjelp. Dette vil sikre at kollektivtilbodet kan nyttast av alle. Råda meiner at det beste er ein buss gjennom heile rutestrekninga.*

*Fylkesråda handsamar denne uttalen som sak. Vedtaket vert oversendt dei aktuelle samferdsleavdelingane i fylkeskommunane.»*

### **Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 24.06.2015**

#### **Vedtak**

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek å sende ei slik uttale til samferdselsavdelinga:

*«Rådet for Likestilling av Funksjonshemma i Møre og Romsdal, Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne i Hordaland samt Fylkesrådet for funksjonshemma i Sogn og Fjordane, har i eit samarbeidsmøte i Førde 20. april 2015 drøfta sak om fylkeskryssande bussruter.*

*Det er svært problematisk for menneske med nedsett funksjonsevne å reise kollektivt gjennom fylka våre. Dette er i strid med intensjonen i Nasjonal Transportplan der eit av hovudmåla er fleire samanhengande reisekjeder med universell utforming.*

*I samband med nye anbods-utlysingar vil vi presisere kor viktig det er at alt materiell skal vere universelt utforma, også reservemateriellet. Sjåfør opplæringa er også ein del av universell utforming. Det er ikkje nok at bussen har heis dersom ikkje sjåføren kan bruke den. For å sikre reell gjennomføring av universell utforming er det viktig med rutinar for etterkontroll og kvalitetssikring.*

*Ved eventuelle bussbyter er det vesentleg at korresponderande bussar er utstyrte på same måten og at bagasjen vert handsama slik at dei som treng det får hjelp. Dette vil sikre at kollektivtilbodet kan nyttast av alle. Råda meiner at det beste er ein buss gjennom heile rutestrekninga.*

*Fylkesråda handsamar denne uttalen som sak. Vedtaket vert oversendt dei aktuelle samferdsleavdelingane i fylkeskommunane.»*

## **PS 31/15 Pedagogisk arkitektur - uttale**

### **Forslag til avgjerd**

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek å sende ein slik uttale til opplæringsavdelinga: *Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne set pris på å få tilsendt utkast til ny plan for pedagogisk arkitektur. Det er tydeleg at dei innspela rådet har kome med har vore teke med i arbeidet og rådet er særns nøgd med punkt 2.2 på side 5. Rådet støttar planen og ber om å få den på høyring når den vert sendt til politisk handsaming til hausten.*

## **Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 24.06.2015**

### **Vedtak**

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek å sende ein slik uttale til opplæringsavdelinga: *Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne set pris på å få tilsendt utkast til ny plan for pedagogisk arkitektur. Det er tydeleg at dei innspela rådet har kome med har vore teke med i arbeidet og rådet er særst nøgd med punkt 2.2 på side 5. Rådet støttar planen og ber om å få den på høyring før den vert sendt til politisk handsaming til hausten.*

## **PS 32/15 Ymse**

### **Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 24.06.2015**

#### **Vedtak**

Årstad vgs, A-bygget: Bygget er allereie i prosess og rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek å sende ein førespurnad til eigedomsseksjonen for å etterlyse teikningar og planar slik at rådet kan kome med ein uttale.

Tilskotsordningar hos kulturavdelinga: Rådet fekk ein skriftleg orientering frå kultur-avdelinga angående tilskotsordningar. Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtok å be om ein munnleg orientering på neste møte der det vert mogleg å stille spørsmål. Rådet etterlyser særleg informasjon om kva som vert gjort for å følgje opp at kriteria vert heldt, men har og andre synspunkt.